

*Bruksreglar  
for  
Skjåk  
Almenning*



## **FORORD**

Desse bruksreglane er gjeve i heimel med lov av 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenninger § 3-7, og er godkjent av Landbruks- og matdepartementet etter føresegner i same lov § 3-8.

Bruksreglane er bindande for allmenningsstyret og dei med eigedomsrett og bruksrett i Skjåk Almenning. Ved sidan av føresegne i lov om bygdeallmenningar og anna lovverk, skal bruksreglane leggjast til grunn for styret si forvaltning av almenninga og utøving av bruksrett for dei med eigedomsrett og bruksrett. For å få oversikt over dei føresegne som gjeld, er det difor nødvendig å lese lovverk og bruksreglar i samanheng, samt halde seg orientert om dei avgjerslene som styret fattar.

### **§1. Formål**

Formålet med desse bruksreglane er å sikre ei forsvarleg forvaltning og bruk av almenninga innanfor rammene til lovverket. Dette for at almenninga skal oppretthaldast som ein fellesressurs til det beste for dei med eigedomsrett og bruksrett. Dernest til det beste for anna verksemد og busetnad i kommunen.

### **§2. Bruksrett**

#### **2.1 Vilkår for bruksrett**

Bruksrett ligg til jordbrukseigedommar innanfor det bygdelaget som frå gamal tid har utøvd slik rett i almenninga. Med jordbrukseigedommar er det meint eigedommar som etter dyrka areal, plassering, busetnad og bruk har karakter av aktivt jordbruk.

#### **2.2 Bruksrettens innhald**

Eigar av eigedom med bruksrett kan berre utøve retten til å dekkje eigedommens behov ved jordbruksmessig drift. Retten skal kunne utøvast på ein måte som til ei kvar tid er i samsvar med rasjonell bruk, og som er naturleg etter tida og tilhøva.

Dersom avkastninga til almenninga er utilstrekkeleg for dekning av det samla bruksbehovet, skal styret foreta ei avpassa avkorting i ytingane.

#### **2.3 Bortfall av bruksrett.**

For bortfall av bruksrett gjeld lov om bygdeallmenninger §2-6.

Etter denne lova fell bruksretten bort:

1. Dersom jordbruksdrifta på eigedommen blir lagt ned, og
  - A) jorda blir teken i bruk til anna føremål, eller
  - B) blir liggjande nede i eit samanhengande tidsrom på 5 år
2. Dersom eigedommen ved sal, anna frivillig avkall, ekspropriasjon eller omdisponering, mistar sin karakter av jordbruk.

Bortfall av bruksrett finn stad fyrst når styret fattar vedtak om slik, og når eigaren av eideommen er varsla om det. Når vilkåra ligg føre, har styret plikt til å treffe vedtak om bortfall av bruksrett.

## 2.4 Attendeføring av bruksrett.

Dersom jordbruksdrifta blir sett i gang att, kan eideom der bruksretten er falle bort, søkje om å få den attende. Almenningsstyret skal da på grunnlag av skriftleg søknad vurdere om eideommen tilfredsstiller vilkåra i § 2.1.

# §3. Forvaltning og administrasjon

## 3.1 Almenningsstyret

Styret skal bestå av 7 medlemmar og like mange varamedlemmar.

## 3.2 Disponering av overskot

Kontantutbytte blir utbetalt etter den avtala som til ei kvar tid gjeld mellom styret og eigarlaget i Skjåk Almenning, og som er godkjent av Landbruks- og matdepartementet. Dersom avtala blir sagt opp utan at den blir erstatta av ei ny avtale, gjeld lov om bygdeallmenninger §3-12 for disponering av overskotet til almenninga.

# §4. Vyrkesrett m.v.

## 4.1 Uttak av vyrke (trematerial, rundvyrke, ved og biprodukt frå sagbruket).

Det skal med eige skjema søkjast om uttak av trelast og rundvyrke før uttak. Vyrke som blir teke ut utan at det ligg føre innvilga søknad om bruksrettsrabatt, kan fakturerast til marknadspolis.

Alt vyrke må takast ut innan 2 år etter innvilga søknad. Som hovudregel skal alt vyrke leverast frå sagbruket, men i særskilte tilfelle kan almenninga tillate sjølvhogst. Bryting av tyrirot, neverflekkning osv. skal berre skje etter avtale. Hogst av ved på rot skal også skje etter avtale.

Vyrke som blir teke ut på bruksrett skal berre nyttast til å dekkje eideommen sitt jordbruksmessige behov etter bygdeallmenningsloven §2-2. I tilstilfelle avgjer styret i almenninga om formålet som det blir søkt om bruksrettsyting til, skal reknast som jordbruksmessig behov eller ikkje. Det blir ikkje gjeve bruksrettsrabatt eller tilskot til å føre opp att eller utbrette bygningar etter brann eller anna skade dersom bygninga er fullverdiforsikra. Etter søknad kan det likevel gjerast unntak i tilfelle der bygninga var av ein slik art at den ikkje lenger var hensiktsmessig. Styret kan da vurdere heil eller delvis bruksrettsyting ved oppattbygging, etter fyrst å ha fått opplysningar om blant anna kostnadane og erstatninga.

Utteke bruksrettsvyrke kan berre nyttast til bruksrettsformål. På seter som ligg i annan almenning, der vyrkesbehovet ikkje kan dekkast, kan vyrke frå Skjåk Almenning likevel nyttast.

I løpet av eit kalenderår kan ein med bruksrett ta ut eit frikvantum på inntil 2 m<sup>3</sup> trelast, eller 5 m<sup>3</sup> rundvyrke utan søknad. Dette med føresetnad om at vyrket blir nytta til bruksrettsformål. Biprodukt frå sagbruket og ved kan ein ta ut i tillegg til frikvantumet. Ved uttak av frikvantum skal ein informere om formålet og føre det på fakturaen. Alt uttak av vyrke, også biprodukt, skal registrerast.

#### 4.2. Bruksrettsrabatt

Prisen på vyrke som er teke ut på bruksrett skal i prinsippet vere lik verdien av vyrket på rot. Almenningsstyret fastset bruksrettsrabatten i høve til marknadspris. Bruksrettsrabatten blir rekna av fakturabeløpet etter at kvantumsrabatten er trekt frå.

Vyrke, derav ved og biprodukt som er teke ut med bruksrettsrabatt, skal ikkje vidareseljast. Ved sal av bygningar som er oppført med bruksrettsvyrke, og som ikkje lenger kan nyttast til bruksrettsformål, kan almenningsstyret forlange at ein avpassa del av bruksrettsrabatten skal betalast attende. Dette vil ikkje gjelde etter ei periode på 5 år.

Utover dette blir bruksrettsutøving og bruksrettsyting regulert og handheva etter retningsliner i eige rundskriv som styret har vedteke.

#### 4.3 Uttak av lausmasse

Uttak av jord, stein eller grus er berre tillate etter avtale, og til ein pris som blir fastsett i tråd med bruksområde og kvalitet.

#### 4.4 Steinvelter, lagring og liknande

Opparbeiding av steinvelter, overskotsmasse, røt osv. skal berre skje etter avtale, på bestemt plass og i det omfang som er avtala. Lagring av ved, landbruksreiskap, køyretøy osv. skal ikkje skje på almenninga sin eigedom utan avtale.

#### 4.5 Vassleidningar og anlegg for vassinntak

Etter avtale kan det etablerast slike innretningar på grunnen til Skjåk Almenning utan at dei er til hinder for almenninga si verksemrd. Alle innehavarar av slike anlegg har plikt til å registrere dei hjå almenninga. Utan registrering og varsling er ikkje almenninga ansvarleg for eventuelle skader som måtte oppstå.

### §5. Beite og seter

#### 5.1 Beiteordning

Styret skal ved behov vurdere omfanget av beitinga, og kan om nødvendig setje forbod mot beiting i delar av almenninga, med visse dyreslag eller for eit avgrensa tidsrom.

Styret kan dele inn almenninga i beitestrekningar, og tilvise dei bruksberettiga til å nytte den beitestrekninga som er vanleg, eller naturleg, for grendelaget eller det enkelte bruk. I denne

samanhengen skal styret så langt det er praktisk mogleg søkje å vidareføre den tradisjonelle beiteordninga. Før ein slepp til nye beitebrukarar skal dei som frå før nyttar strekninga ha høve til å uttale seg i saka.

## 5.2 Bygningar på seterkve

Bygningar på seterkve som er almenningsgrunn kan ikkje delast frå det bruket det høyrer til. For bygningar eller annan verksemd ut over det som er nødvendig for ordinær seterdrift, skal det oppretta festekontrakt eller anna avtale.

## 5.3. Bortfall av seter

Ved bortfall av seter gjeld lov om bygdeallmenninger §6-7.

Utover dette blir saker som gjeld beiterett og setrer, regulert og handheva etter retningsliner i eige rundskriv som styret har vedteke.

# §6. Jakt og fangst

## 6.1. Småviltjakt

For utøving av jakt og fangst gjeld dei reglane som til ei kvar tid er fastsett av almenningsstyret. Desse reglane avgjer også om andre enn dei som er nemnt i lova skal gjevast tilgang til småviltjakt. For jakt og fangst som omfattast av bruksretten (småvilt) gjeld kapittel 7 i lov om bygdeallmenninger. Ved brot på reglement har almenningsstyret høve til å stengje ute dei med eigedomsrett og bruksrett frå småviltjakt.

## 6.2. Storvilt

Forvaltning av storviltjakt ligg under almenningsstyret. Styret fastset og handhevar reglar og føringar for jakt som vil gjelde til ei kvar tid.

# §7. Fiske

## 7.1. Reglar for fiskeutøving

For fiske i Skjåk Almenning gjeld kapittel 8 i lov om bygdeallmenninger, samt offentleg lov om innlandsfiske.

Almenningsstyret kan vedta eigne reglar som nærmere regulerer fisket i Skjåk Almenning. Desse reglane skal reviderast slik at dei til ei kvar tid er tilpassa den aktuelle situasjon. Reglane kan også regulere om andre enn dei som er omtala i lov om bygdeallmenninger §8-1 skal gjevast tilgang til fiske i heile eller delar av almenninga, og om det skal opnast for fiske med andre reiskapar enn krok.

Gjeldande fiskeregler skal vera tilgjengelege på salsplassane og på internett. Prisen på fiskekort blir fastsett av almenningsstyret.

## 7.2 Oppsyn

Styret tilset naudsynt oppsyn, som blir løna av almenninga, og som utarbeidar instruks for oppsynstenesta. Styret kan eventuelt samarbeide med andre om felles oppsyn.

## §8. Erstatningsfond og utviklingsfond

Almenninga sine midlar og eidedelar utover Almenningsgrunn og Almenningsskog tilhører enten Almenningskassa eller bundne fond

Erstatningsfond Øvre Otta og utviklingsfond Honnsrøve er bundne fond med eigne statuttar. Grunnkapitalen skal stå urørd på bankkonto eller i anna risikofri plassering. Fondsmidla skal ikkje vera del av eller kunne overførast almenningskassa. Avkastninga kan berre nyttast til formål som er i samsvar med statuttane.

Almenninga sitt rekneskap skal førast slik at det til ei kvar tid gjev oversikt over innskoten kapital, årleg avkastning, akkumulert avkastning og kva som i det enkelte år er brukt av fondet sine midlar og avkastning.

Verneområdeerstatning for Breheimen nasjonalpark og Reinheimen nasjonalpark er fri eigenkapital og dermed ein del av Almenningskassa. Det er utarbeidd eigne statuttar for denne erstatninga.

## §9. Brot på bruksreglane

Brot på desse bruksreglane kan medføre melding til politiet og straff med bøter, jf. Bygdeallmenningsloven §9-3. Dette med etterhald om at ikkje strengare straffebestemmingar verkar inn på tilhøvet.

## §10. Ikraftsetjing

Desse bruksreglane vart for fyrste gong godkjende av Landbruksdepartementet 5.mai 1998 med revidering i 2004. Endringane i bruksreglane etter gjennomgang i 2020 er godkjent av Landbruks- og matdepartementet 26.03.2021. Endringane blir sett i kraft fire veker etter kunngjering, jamfør lov om bygdeallmenninger §3-9.

Bruksreglane skal reviderast, og eventuelt endrast, minst kvart 20.år.